

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

v/Fylkesmannen i Hordaland

23. juni 2016

## SØKNAD OM SAMANSLÅING

Med dette søker kommunane Lindås, Meland og Radøy om å verta slått saman til ein kommune med verknad frå 1. januar 2020.

Den nye kommunen har namnet «Nordhordland kommune» som arbeidstittel.

Denne søknaden er med grunnlag i ein omfattande prosess. Dei tre kommunane har vedteke ein intensjonsavtale som ligg til grunn for samanslåinga av kommunane. Innbyggjarane har blitt informert gjennom folkemøte, brosjyre og spørjeundersøking. Meland har også gjennomført folkeavrøysting.

Prosessen har enda med likelydande vedtak i dei tre kommunestyra 22. juni. Protokollen frå kommunestyra er lagt ved.

Med vennleg helsing

Astrid Aarhus Byrknes  
Ordførar Lindås kommune

Øyvind H Oddekalv  
Ordførar Meland kommune

Jon Askeland  
Ordførar Radøy kommune